

Leikanger Sokneråd

6750 Stadlandet

Årsmelding 2016

Medlemmer: Kari Leine Balog, Ove Magnus Årvik, Aina Brandal, Fredrik Borgund, Randi Hoddevik, Leif Jonny Prestvik, Annbjørg Hoddevik, Laila Strømsøy, Magne Reksnes.

Varamedlemmer: Norunn Stave, Mette Drage, Alf Sjøstad, Reidun Tvinnereim.

Utvalsmedlemmer:

Fellesrådet: Ove Magnus Årvik, Leif Jonny Prestvik

Vara: Randi Hoddevik og Fredrik Borgund

Gudstenesteutval: Aina Brandal, Randi Hoddevik og Laila Strømsøy

Trusopplæringsuval: Leif Jonny Prestvik

Musikkut.: Ove Magnus Årvik

Seljumannamesse: Ikkje vald medlem. Magne Reksnes har møtt på eit møte

Revisorar: Palma Hamnøy og Tove Bjørlykke

Jubilèumsnemnd for 150-års jub.:

Berit Rundereim Åndal, Svein Åge Åndal, Anita Bentsen, Alf Sjøstad, Fredrik Borgund, Randi Hoddevik, Helge Borgund, Norunn Stave, Leif-Johnny Prestvik

Soknerådet har hatt 8 møter og 53 handsama saker.

Av kyrkjelege handlingar tek vi med at det har vore 23 gudstenester. Det har vore 11 gravferder, det vart døypt tre barn og talet på konfirmantar var 4. For dåp og konfirmasjon er det svært låge tal, men det ser lysare ut framover, i alle fall for konfirmant-tala. Fødselstala har og vore gode dei siste åra så vi håpar at botnen er nådd no og at vi er på veg oppover!

Den store saka dette året var sjølvsgatt 150-årsjubilèet for kyrkja vår. Jubilèet vart gjennomført etter planen med arrangement både i kyrkje, skule, grendahus og bedehus. Vi har fått mange gode ord og skryt frå gjestane og bygdefolket for eit flott arrangement. Jubilèumsnemnda gjorde eit stort arbeid både med planlegging og gjennomføring. Soknerådet vil rette ein stor takk til kvar einskild av desse for vel utført oppdrag!

I samband med jubilèet hadde Kjerringa husflidlag ei fantastisk fin utstilling av dåpskle, brudekle, prestekle og mykje anna interessant på bedehuset. Stor takk til dei som arrangerte denne!

Til jubileet vart også inngangspartiet i sakrestiet endeleg ferdig. Dette har vore ei sak som har vore ein gjengangar i soknerådet i fleire periodar. Alle er no letta, og dei aller fleste fornøgde med resultatet.

Vi har kjøpt inn fleire salmebøker slik at vi no totalt har 88 stk. av den nye salmeboka.

Det har vore gjennomført fleire dugnader gjennom året der vi både har støvsugd, vaska, pussa og måla. Vidare fekk vi skifta lyspærene i begge lyskrunene til dempbare ledpærer . Då fekk vi også nok pærer til å skifte ut pærer i lampettane slik at alle no er like.

Alt dette har sjølvsagt kosta ein del pengar, men vi har samla inn midlar gjennom basar (årsfesten), julekonserten, kollekt m.m. Folk har vore flinke til å gje.

Julekonserten i kyrkja var også i år arrangert av soknerådet i godt samarbeid med organist Jon Inge Sigerland og ei rekke velviljege artistar. Det er farleg å drage fram høgdepunkt frå dette arrangementet, men eg synest det var veldig kjekt at skulemusikken var med att i år. Vi får håpe at rekrutteringa tek seg opp att framover slik at vi har eit korps i bygda. Stor takk til alle som var med å laga ein stemningsfull og fin konsert.

Viser elles Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2016 når det gjeld detaljar for kyrkjelege handlingar.

Saker som vi arbeider vidare med er meir lys på kyrkjegarden. Her treng vi meir midlar, men dette skal vi klare. Vi har planar om lys på portstolpane mot Kyrkjevegen og tre lykter på sjølve kyrkjegarden. Ein del utvendig vedlikehald på kyrkjebygninga er òg nødvendig.

Stadlandet 17.03.2017

Magne Reksnes

Sekr.